

Kunnskapsgrunnlag til Fylkesplan for Møre og Romsdal 2017-2020

Verknader av lågare aktivitet i petroleumsretta næringar

Status pr 1.1.2016

Trygve Grydeland
13.06.2016

Innhald

Innleiing	2
Utviklinga i oljeprisen	2
Figur 1. Pris per fat i USD, Brent 2011-2016.....	2
Konsekvensar av oljeprisfallet.....	3
Figur 2. Utvikling NOK mot EUR og USD, 2014 – 01.05.2016	3
Figur 3: Kategorisering av olje/gassvirksomhetene i Møre og Romsdal per 2012 (MOLGA-analysen 2014)	4
Illustrasjon 1: Mangfaldet i leverandørindustrien. Kjelde: Olje- og energidepartementet	5
Konsekvensar i arbeidsmarknaden	5
Sysselsettinga i Møre og Romsdal	5
Figur 4. Utvikling i sysselsettinga, Møre og Romsdal og landet, 2000-2015. Kjelde: SSB	6
Veksten som forsvann	7
Figur 5. Endring i sysselsetting etter næring, ulike tidsintervall, kjelde SSB.	7
Dei råka næringsgruppene	8
Sekundærnæringane	8
Tabell 1. Endring i sysselsetting 2014-2015, etter enkeltkodar i sekundærnæringa.	8
Tabell 2. Næringskodar og dømer på selskap i koden – sekundærnæringar.	9
Sørvisnæringa	9
Tabell 3. Endring i sysselsetting 2014-2015, etter enkeltkodar i sørvisnæringa.	9
Tabell 4. Næringskodar og dømer på selskap i koden – sørvisnæringar.	10
Utviklinga i kommunane.....	11
Tabell 5. Sysselsette etter kommune, 2014 og 2015, endring i tal og prosent.....	11
Tabell 6. Endringar i sysselsettinga, etter bustad og arbeidsstad, 2014-2015.....	12
Arbeidsløysa per mai 2016	14
Tabell 7a: Talet på heilt ledige mai 2016.....	14
Tabell 7b: Talet på heilt ledige mai 2016 per region.....	15

Innleiing

Dette notatet er utarbeidd som del av kunnskapsgrunnlaget til Fylkesplan 2017-2020. Fylkeskommunen sine dokument «Utviklingstrekk i Møre og Romsdal, «Fylkesstatistikk», «Temp», «Riss» og «Oversikt over folkehelsa» blir òg lagt til grunn for arbeidet med revidering av fylkesplanen. Alle desse dokumenta er tilgjengelege på plan- og analyseavdelinga si nettside: <http://mrfylke.no/Tenestoomraade/Plan-og-analyse/Statistikk-og-analyser>


I notatet set vi fokus på utviklingstrekk i arbeidsmarknaden. Det har skjedd store endringar på dette området etter publiseringa av «Regionale utviklingstrekk Møre og Romsdal 2015». Denne fanga ikkje opp oljeprisfallet og konsekvensane for arbeidsmarknaden vår.

Arbeidsmarknaden i Møre og Romsdal er prega av at fylket har fleire sterke næringsklyngjer med lange tradisjonar. I dag er det dei maritime og petroleumsretta verksemdene som set oss på verdskartet, men fylket har òg ein leiande posisjon innanfor møbel og fiskeri. Sysselsettinga i Møre og Romsdal fortel ikkje berre korleis utviklinga har vore i arbeidsmarknaden, den fortel òg mykje om kvar det har vore grunnlag for befolkningsvekst i fylket. Arbeidsinnvandringa til fylket har vore høg, spesielt i perioden frå 2007/2008, og har sikra fylket ei historisk høg befolkningsvekst. Frå sommaren 2014 falt oljeprisen kraftig, noko som har råka oljerelaterte næringar på landsbasis, og særleg i «oljebeltet» frå Kristiansand til Kristiansund. Konsekvensane for Møre og Romsdal har vore aukande arbeidsledigheit, nedgang i sysselsettinga og lågare befolkningsvekst.

Utviklinga i oljeprisen

Næringslivet i Møre og Romsdal har vore gjennom ei årrekke med høg oljepris, og følgeleg høg aktivitet og lønnsemd i dei petroleumsretta verksemdene. Sommaren 2014 stupte oljeprisen frå rekordhøge 115 dollar fatet til om lag 50 dollar fatet ved årsskifte. I perioden frå då til no har oljeprisen svinga både opp og ned, men ligg per mai 2016 på om lag 45 dollar fatet. Ein reduksjon frå toppnoteringa på om lag 70 prosent.

Figur 1. Pris per fat i USD, Brent 2011-2016



Årsakene til oljeprisfallet er mange og sammensette. Mange peiker på særleg fire faktorar som forklaringar;


1. Sterk auke i oljeproduksjonen i USAⁱ
2. OPEC har ikkje redusert oljeproduksjonen sin for å auke prisen, men heller auka eigen produksjon
3. Heving av sanksjonane mot Iran som følgje av atomavtalen. Dette gjev dei innpass i den internasjonale marknaden igjen, og kan eksportere oljeⁱⁱ
4. Frykt for lågare etterspørsel etter olje i framtida, dels grunna låg økonomisk vekst, og dels grunna konkurranse mot andre energikjelder, særleg i transportnæringaneⁱⁱⁱ

I Møre og Romsdal er det truleg det siste punktet som har hatt størst verknad. Vurderingar av ein framtidig låg oljepris påverkar leiteaktiviteten, noko som påverkar etterspørselen etter tenester mot den delen av næringa, der vi har mange bedrifter i fylket.

Konsekvensar av oljeprisfallet

Internasjonalt er konsekvensane todelte. Dei landa som eksporterer olje tapar, medan importørane får ein gevinst. Det var venta at gevinsten til oljeimportørane ville vore med på å skape vekst i den internasjonale økonomien, men dette har teke lengre tid enn kva ein på førehand hadde trudd. I Noreg er det dei fylka som har vore mest retta inn mot petroleumssektoren som er hardast råka, og nedgangen i oljenæringa får konsekvensar for andre næringar, som til dømes bygg- og anlegg og sørvisnæringane. Samtidig opplev enkelte eksportnæringar, som møbel og fiskeri, gode tider grunna den låge kronekursen.


Figur 2. Utvikling NOK mot EUR og USD, 2014 – 01.05.2016



Den siste tilgjengelege analysen som ser på olje- og gassindustrien i Møre og Romsdal er MOLGA analysen 2014. I følgje den hadde Møre og Romsdal 359 verksemdar innan olje og gass (231 aksjeselskap og 128 underavdelingar), med ei samla omsetning på kring 50 milliardar kroner.


Figuren under syner fordelinga av desse verksemdene i ulike kategoriar innan olje og gass næringa. Datagrunnlaget er noko gammalt (frå 2012), men det er ikkje grunn til å tru at det har vore store endringar frå då til oljeprisfallet i 2014. Verksemdene har og ein geografisk profil, i analysen blir Møre og Romsdal omtala slik: «Bedriftene på Sunnmøre utgjør Norges viktigaste maritime klynge. Sammen med basevirksomheten i Kristiansund, kran- og løftekompetansen i Molde og anleggene på Aukra og Tjeldbergodden er Møre og Romsdal et viktig olje- og gassfylke i nasjonal målestokk.»

Figur 3: Kategorisering av olje/gassvirksomhetene i Møre og Romsdal per 2012 (MOLGA-analysen 2014)



Om ein ønskjer å sjå heilskapen i leverandørindustrien i Noreg kan illustrasjonen på neste side vere til hjelp. Her kan ein sjå kor i verdikjeda verksemdene i Møre og Romsdal finst, og kva rolle dei spelar i næringa.

Illustrasjon 1: Mangfoldet i leverandørindustrien. Kjelde: Olje- og energidepartementet




Konsekvensar i arbeidsmarknaden

Syssettinga i Møre og Romsdal

Tek vi utgangspunkt i utviklinga i arbeidsmarknaden frå år 2000 har Møre og Romsdal stort sett opplevd vekst. Særleg var det god vekst i perioden frå 2004 til 2008, og frå 2010 til 2014. I den siste vekstperioden var sysselsettingsveksten i fylket på 4 prosent, medan den for landet sett under eitt var noko høgare, med 5,3 prosent. For heile perioden 2000- 2015 var veksten i Møre og Romsdal på 10,1 prosent mot 14,4 for landet. Desse skilnadene kan høres låge ut, men differanse mellom ein vekst på 10,1 og 14,4 prosent betyr at veksten her er omtrentleg 25 prosent lågare enn for landet samla. For sysselsettinga i fylket utgjir det omtrentleg 4 500 arbeidsplassar.

Figur 4. Utvikling i sysselsettinga, Møre og Romsdal og landet, 2000-2015. Kjelde: SSB



Som ein kan sjå av figuren over opplevde både Møre og Romsdal og landet elles ein nedgang i sysselsettinga frå fjerde kvartal 2014 til fjerde kvartal 2015. Den skuldast to høve. Det eine er, som dette notatet sett fokus på, nedgangen i oljeprisen og konsekvensane det har for arbeidsmarknaden. Det andre, som kjem på eit svært ugunstig tidspunkt, er omlegging av sysselsettingsstatistikken til SSB.

SSB skriv mellom anna følgjande om omlegginga på sine heimesider:


«Registerbasert sysselsettingsstatistikk er fra og med 2015 basert på et nytt datagrunnlag for lønnstakere. Hovedkilden fram til og med 2014 var NAVs Arbeidstakerregister (Aa-registeret). I 2015 ble rapporteringen til NAV til dette registeret samordnet med rapportering av lønns- og personelldata til Skatteetaten og SSB. Det felles rapporteringssystemet kalles a-ordningen. A-ordningen gir generelt et bedre datagrunnlag ved at det er mer korrekt på individnivå samt at det dekker flere lønnstakerforhold enn Aa-registeret.»

Dette betyr at det knytt seg ein viss usikkerheit til tala for 2015, men differanse mellom 2014 og 2015 skuldast ikkje det eine eller andre forholdet åleine. SSB arbeider med å få fram data som synar omlegginga av statistikken frå 2014 til 2015, og korleis utviklinga var i perioden etter omlegginga, men har ikkje tidfesta når dette arbeidet vil være ferdig.

Veksten som forsvann

Om ein ser på korleis ulike næringsgrupper har utvikla seg frå 2010 blir konsekvensane av oljeprisfallet tydelege. Det er tre næringsgrupper som har hatt klart høgast vekst i talet på arbeidsplassar i fylket i denne perioden. Dei tre er sekundærnæringane, sørvisnæringane og innan helse og sosialtenester. Veksten i sysselsettinga innanfor helse- og sosialtenester auka ikkje uventa også frå 2014 til 2015, medan bilete for sekundærnæringane og sørvisnæringane endra seg diametralt. Sekundærnæringane hadde frå 2010 til 2014 ein vekst på om lag 2 200 sysselsette, frå 2014 til 2015 forsvann nær 1 900 sysselsette i næringa. I sørvisnæringane var tala verre, veksten frå 2010 til 2014 var på om lag 1 500 sysselsette, medan nedgangen frå 2014 til 2015 var på om lag 2 800 sysselsette. I sum var sysselsettinga i 2015 berre 0,7 prosent høgare enn kva den var i 2010.

Figur 5. Endring i sysselsetting etter næring, ulike tidsintervall, kjelde SSB.



Dei råka næringsgruppene

Som vist tidligare er det sekundærnæringsane og sørvisnæringsane som er hardast råka av oljeprisfallet. Desse næringsgruppene er dei største i omfang både i tal sysselsette, men og i talet såkalla næringskodar som næringsgruppa består av. Dette gjer at det forsvinn ein god del informasjon og detaljer når ein presenterer utviklingstal for gruppene samla, men ofte må det gjerast av omsyn til plass og eller tid. I denne samanhengen er det akkurat desse detaljane som er interessante. I tabellane 2 og 4 forsøker vi å eksemplifisere næringskodane med bransje og selskap. Selskapa er blant dei som sysselsett flest i næringskoden, og er berre nytta som eit døme på kva selskap som finst i den koden/bransjen. Innan nokre kodar er variasjonen mellom kva selskapa driv med større enn i andre, eksempelvis finn vi i kode 71 «Arkitekter og tekniske konsulenter», ei klar deling mellom selskap som leverer tekniske tenester til oljenæringa og selskap som leverer byggetekniske tenester. Opphavet til næringskodane i sysselsettingsstatistikken er «Standard for næringsgruppering» frå 2007, SSB beskriv standarden følgande:

«Standarden er i første rekke en statistisk standard. Den danner grunnlag for koding av enheter etter viktigste aktivitet i Statistisk sentralbyrås bedrifts- og foretaksregister og for enheter i Enhetsregisteret. Den er en av de viktigste standardene i økonomisk statistikk og gjør det mulig å sammenlikne og analysere statistiske opplysninger både nasjonalt og internasjonalt og over tid.»

Sekundærnæringsane

Denne næringa består av i alt 37 ulike næringskodar, frå kode 05 til 43. I Møre og Romsdal var det berre 8 av desse som hadde auke i sysselsettinga frå 4. kvartal 2014 til 4. kvartal 2015. I dei 29 andre næringskodane var det enten ingen vekst eller nedgang. Sysselsettinga i næringa gjekk som tidligare nemnt ned med nær 1 900 sysselsette i same tidsrom. Om vi ser nærare på kor i næringa sysselsettinga gjekk ned, kan vi sjå ei klar kopling mot oljenæringane. I desse åtte næringskodane hadde selskapa ein samla nedgang på 1 862 sysselsette frå 2014 til 2015.

Tabell 1. Endring i sysselsetting 2014-2015, etter enkeltkodar i sekundærnæringa.

Næringskode	Nedgang i talet sysselsette	I prosent
27 Elektroteknisk industri	-66	-7,0
31 Møbelindustri	-139	-6,6
28 Maskinindustri	-163	-4,9
33 Maskinreparasjon og -installasjon	-206	-16,1
09 Tjenester til bergverk og utvinning	-246	-21,2
25 Metallvareindustri	-266	-10,6
43 Spes. bygge- og anleggsvirksomhet	-334	-5,6
30 Transportmiddelindustri ellers	-442	-12,7

Fleire av namna på næringskodane gjev ikkje nødvendigvis assosiasjonar til selskap i Møre og Romsdal, eller kva dei selskapa faktisk driv med. Derfor har vi gått djupare inn i kodane, og funnet selskap i Møre og Romsdal som er registrert i dei og hovudverksemda deira.

Tabell 2. Næringskodar og dømer på selskap i koden – sekundærnæringar.

Næringskode	Hovudverksemd	Døme på selskap i koden
27	Produksjon av belysningsutstyr / annet elektrisk utstyr	Glamox AS
31	Produksjon av møbler ellers	J E Ekornes AS
28	Produksjon av løfte- og håndteringsutstyr til skip og båter	Rolls-royce Marine AS
33	Reparasjon og vedlikehold av skip og båter	Fmc Kongsberg Subsea AS Kristiansund
9	Tjenester tilknyttet utvinning av råolje og naturgass	Prezioso Linjebygg AS
25	Produksjon av metallvarer ikke nevnt annet sted	Brunvoll AS
43	Elektrisk installasjonsarbeid	Caverion Norge AS Ålesund
30	Bygging av skip og båter	Ulstein Verft AS

I møbelindustrien har nedgang i talet sysselsette vore ein trend dei seinare åra, og næringa er truleg meir prega av omstilling enn konjunkturane i oljenæringane. I bygg- og anleggsnæringane er nedgangen i talet sysselsette høg, og det er også mange selskap i næringa. Nedgangen i sysselsettinga skuldast truleg konsekvensane oljeprisfallet har hatt på eigedomsmarknaden og lønnsmeda i næringslivet elles. I dei andre næringskodane er koplingane mot oljeindustrien tydelegare, og dei fleste selskapa er enten i oljenæringa direkte eller har store delar av kundemassen sin i dei næringane.

Sørvisnæringa

Sørvisnæringane består av næringskodane frå 45 til 82, i alt 33 næringskodar (ikkje alle nummer i talrekka representerer ein næringskode). Her er koplinga mot oljebransjen noko svakare, men enkelte av næringskodane består av selskap som har ein klar oljerelatert profil. Dei andre næringskodane, og selskapa ein finn i dei, kan vere råka av konsekvensane konkursar og oppseiingar har for konsumet til kundane deira. I Møre og Romsdal var det frå 4. kvartal 2014 til 4. kvartal 2015 ein svak vekst i 6 av næringskodane, medan det var nedgang, og til dels sterk nedgang, i dei 27 resterande næringskodane. Om vi også her tek utgangspunkt i dei åtte næringskodane som hadde størst nedgang i sysselsettinga frå 2014 til 2015, er det berre i tre kodar ein ser ei klar kopling mot oljenæringa. Det er kodane 50, 71 og 78.

Tabell 3. Endring i sysselsetting 2014-2015, etter enkeltkodar i sørvisnæringa.

Næringskode	Nedgang i talet sysselsette	I prosent
47 Detaljhandel, unntatt med motorvogner	-616	-5,8
78 Arbeidskrafttjenester	-325	-19,2
71 Arkitekter og tekniske konsulenter	-291	-13,0
50 Sjøfart	-287	-7,1
46 Agentur- og engroshandel, unntatt motorvogner	-234	-5,9
49 Landtransport og rørtransport	-203	-6,8
81 Tjenester tilknyttet eiendomsdrift	-111	-5,1
68 Omsetning og drift av fast eiendom	-109	-9,5

Samla var nedgangen i sysselsettinga i desse næringskodane på om lag 2 200 sysselsette, av den kom om lag 900 innan næringskodar dominert av oljeretta selskap. At næringa elles hadde ein nedgang på 1 300 sysselsette er kanskje ikkje unaturleg, men høgare enn kva ein på førehand hadde trudd. Det er

mogleg at omlegginga av statistikken til SSB påverkar tala her, eller at konsekvensane oljeprisfallet har hatt for resten av næringslivet har vore underkommunisert i mediebildet. Tabell 4 viser enkelte døme på bransjar og selskap i dei næringskodane kor sysselsettingsfallet i næringa var høgast.

Tabell 4. Næringskodar og dømer på selskap i koden – sørvisnæringar.

Næringskode	Hovudverksemd	Døme på selskap
47	Butikkhandel med bredt vareutvalg med hovedvekt på nærings- og nytelsesmidler	Coop Orkla Møre
78	Utleie av arbeidskraft	R S Crewing AS
71	Annen teknisk konsulentvirksomhet	Axess AS
50	Forsyning og andre sjøtransporttjenester for offshore	Farstad Shipping ASA
46	Engroshandel med bredt utvalg av nærings- og nytelsesmidler	H i Giørtz Sønner AS
49	Rutebiltransport utenfor by- og forstadsområde	Nettbuss AS
81	Andre kombinerte tjenester tilknyttet eiendomsdrift	Kristiansund Eiendomsdrift
68	Kjøp og salg av egen fast eiendom	Amfi Eiendom AS

Utviklinga i kommunane

Normalt har utviklinga i sysselsetting og folketal hatt ein relativt klar geografisk profil i Møre og Romsdal. Veksten har kome langs kysten, og særleg langs akse frå Søre Sunnmøre til Kristiansund, medan indre og nordlege deler av fylket har opplevd svakare vekst og dels også nedgang både i talet på sysselsette og i folketal. Frå 4. kvartal 2014 til 4. kvartal 2015 opplevd derimot berre fire kommunar ein vekst i sysselsettinga. Det var Volda, Sunndal, Gjemnes og Sandøy. Høgast var veksten i Volda med 144 sysselsette (3,3 prosent).

Om vi målar nedgangen i sysselsetting i tal sysselsette ser vi at nedgang var størst i dei folkerike kommunane. Ålesund, Molde, Kristiansund og Ørsta hadde den største nedgangen i tal sysselsette, medan den prosentvis nedgangen var klart høgast i Sande. Nedgangen i Sande var på nær 15 prosent, noko som er fjerde største nedgangen av alle kommunane i landet. Fylket totalt sett hadde ein reduksjon på 4 142 sysselsette siste året.

Tabell 5. Sysselsette etter kommune, 2014 og 2015 (begge 4. kvartal), endring i tal og prosent.

Sysselsette etter arbeidsstad	2014	2015	Endring	
			Tal	Prosent
1502 Molde	17 790	17 189	-601	-3,4
1504 Ålesund	28 389	27 505	-884	-3,1
1505 Kristiansund	12 231	11 666	-565	-4,6
1511 Vanylven	1 328	1 288	-40	-3,0
1514 Sande	1 395	1 188	-207	-14,8
1515 Herøy	4 214	3 995	-219	-5,2
1516 Ulstein	5 528	5 320	-208	-3,8
1517 Hareid	2 063	2 017	-46	-2,2
1519 Volda	4 318	4 462	144	3,3
1520 Ørsta	4 792	4 560	-232	-4,8
1523 Ørskog	976	955	-21	-2,2
1524 Norddal	853	785	-68	-8,0
1525 Stranda	2 432	2 392	-40	-1,6
1526 Stordal	479	459	-20	-4,2
1528 Sykkylven	3 817	3 645	-172	-4,5
1529 Skodje	1 507	1 493	-14	-0,9
1531 Sula	2 919	2 873	-46	-1,6
1532 Giske	2 549	2 508	-41	-1,6
1534 Haram	4 387	4 225	-162	-3,7
1535 Vestnes	2 874	2 812	-62	-2,2
1539 Rauma	3 568	3 357	-211	-5,9
1543 Nesset	910	876	-34	-3,7
1545 Midsund	883	863	-20	-2,3
1546 Sandøy	641	643	2	0,3
1547 Aukra	1 493	1 448	-45	-3,0
1548 Fræna	3 507	3 452	-55	-1,6
1551 Eide	1 228	1 192	-36	-2,9

1554 Averøy	2 260	2 195	-65	-2,9
1557 Gjemnes	820	830	10	1,2
1560 Tingvoll	1 042	1 007	-35	-3,4
1563 Sunndal	3 641	3 680	39	1,1
1566 Surnadal	2 840	2 832	-8	-0,3
1567 Rindal	922	860	-62	-6,7
1571 Halså	642	614	-28	-4,4
1573 Smøla	1 035	1 005	-30	-2,9
1576 Aure	1 571	1 511	-60	-3,8
Møre og Romsdal	131 844	127 702	-4 142	-3,1

I dei fleste høve nyttar vi sysselsette etter arbeidsstad (kva kommune arbeidsplassen ligg i) når vi ser på sysselsettinga i kommunane. Når vi samanliknar utviklinga i talet på sysselsette etter arbeidsstad og etter bustad, ser vi nokre regionale mønster. Som nemnt tidligare, er det i dei folkerike kommunane at nedgangen i sysselsette etter arbeidsstad var størst. Det er det òg når vi ser på nedgangen i talet på sysselsette etter bustad, men her kjem det fram nokre skilnader mellom byane, og mellom kommunar som er typiske utpendlingskommunar og dei som i liten grad utvekslar arbeidskraft med andre kommunar. Kommunar med høg utpendling har større reduksjon i talet på sysselsette etter bustad enn etter arbeidsstad.

Tabell 6. Endringar i sysselsettinga, etter bustad og arbeidsstad, 2014-2015

	Sysselsette personer 2015		Endring i tal sysselsette 2014-2015		
	- etter bustad	- etter arbeidsstad	- etter bustad	- etter arbeidsstad	- etter bustad i pst av endring etter arbeidsstad
1502 Molde	13 734	17 189	-274	-601	45,6
1504 Ålesund	24 065	27 505	-743	-884	84,0
1505 Kristiansund	11 623	11 666	-639	-565	113,1
1511 Vanylven	1 564	1 288	-56	-40	140,0
1514 Sande	1 302	1 188	-119	-207	57,5
1515 Herøy	4 415	3 995	-131	-219	59,8
1516 Ulstein	4 242	5 320	-224	-208	107,7
1517 Hareid	2 527	2 017	-114	-46	247,8
1519 Volda	4 352	4 462	-45	144	-31,3
1520 Ørsta	5 344	4 560	-69	-232	29,7
1523 Ørskog	1 177	955	-42	-21	200,0
1524 Norddal	834	785	-41	-68	60,3
1525 Stranda	2 416	2 392	-74	-40	185,0
1526 Stordal	490	459	-9	-20	45,0
1528 Sykkylven	3 947	3 645	-148	-172	86,0
1529 Skodje	2 331	1 493	-12	-14	85,7
1531 Sula	4 501	2 873	-162	-46	352,2
1532 Giske	4 070	2 508	-105	-41	256,1
1534 Haram	4 564	4 225	-124	-162	76,5
1535 Vestnes	3 209	2 812	-131	-62	211,3
1539 Rauma	3 693	3 357	-176	-211	83,4

1543 Nesset	1 469	876	-85	-34	250,0
1545 Midsund	988	863	-36	-20	180,0
1546 Sandøy	643	643	-11	2	-550,0
1547 Aukra	1 693	1 448	-74	-45	164,4
1548 Fræna	4 983	3 452	-182	-55	330,9
1551 Eide	1 750	1 192	-72	-36	200,0
1554 Averøy	2 876	2 195	-104	-65	160,0
1557 Gjemnes	1 297	830	-49	10	-490,0
1560 Tingvoll	1 443	1 007	-47	-35	134,3
1563 Sunndal	3 444	3 680	52	39	133,3
1566 Surnadal	2 980	2 832	-57	-8	712,5
1567 Rindal	1 002	860	-51	-62	82,3
1571 Halså	698	614	-75	-28	267,9
1573 Smøla	1 076	1 005	-30	-30	100,0
1576 Aure	1 703	1 511	-85	-60	141,7
Møre og Romsdal	132 445	127 702	-4 344	-4 142	104,9

Som ein kan sjå ut frå tabellen hadde Molde ein nedgang på 601 sysselsette med arbeidsplass registert i Molde, medan talet sysselsette med bustad i Molde gjekk ned med om lag halvparten (274). I omlandskommunane til Molde ser vi omvendt tendens, der nedgangen i talet på sysselsette etter arbeidsstad var lågare enn nedgangen i sysselsette etter bustad i kommunen. Same tendens ser vi kring Ålesund, medan nedgangen i Kristiansund faktisk var høgare for busette i Kristiansund enn for dei med arbeidsplass i kommunen. Ei naturleg forklaring ligg truleg i at Kristiansund har lågare utveksling av arbeidskraft med omlandskommunane sine samanlikna med Molde og Ålesund, men det kan òg vere grunna ein såkalla «hovudkontor»-problematikk, der sysselsette lokalt er registrert med arbeidsplass der hovudkontoret ligg.

Ei problemstilling som gjeld fleire av kommunane våre, og som vi har belyst tidligare^{iv}, er SSBs praksis med å gi sysselsette sjøfolk arbeidsplasskommune lik bustadkommune. I denne samanhengen vil det bety at ein kan sjå ein lågare nedgang i talet sysselsette enn kva som er tilfelle for dei kommunane som sysselsett mange sjøfolk. Konsekvensen blir at utviklinga i sysselsettinga og i arbeidsledigheitstala kanskje ikkje heng like godt saman som i andre næringar, og ikkje minst at ein ikkje får synleggjort konsekvensane av nedgang i den næringa (lokalt) og korleis den fordelar seg geografisk.

Arbeidsløysa per mai 2016

Tabell 7a: Talet på heilt ledige mai 2016

Kommune	Menn	Kvinner	Sum	I prosent av arbeidsstokken	Endring siste mnd	Endring siste år
1502 Molde	262	126	388	2,7 %	-21	90
1504 Ålesund	519	281	800	3,1 %	-62	120
1505 Kristiansund	418	216	634	4,9 %	-74	203
1511 Vanylven	30	8	38	2,3 %	-3	0
1514 Sande	39	17	56	3,9 %	6	24
1515 Herøy	170	88	258	5,4 %	19	132
1516 Ulstein	133	65	198	4,3 %	-8	106
1517 Hareid	86	49	135	4,9 %	-10	26
1519 Volda	70	32	102	2,2 %	-18	33
1520 Ørsta	95	49	144	2,5 %	-13	34
1523 Ørskog	17	10	27	2,2 %	-3	-5
1524 Norrdal	13	5	18	2,0 %	-9	6
1525 Stranda	30	26	56	2,2 %	-16	6
1526 Stordal	5	6	11	2,0 %	-6	-6
1528 Sykkylven	43	27	70	1,7 %	2	-11
1529 Skodje	41	20	61	2,5 %	-10	5
1531 Sula	70	44	114	2,4 %	10	11
1532 Giske	53	34	87	2,0 %	-24	23
1534 Haram	95	59	154	3,2 %	-7	60
1535 Vestnes	61	26	87	2,4 %	-6	10
1539 Rauma	92	39	131	3,3 %	-24	47
1543 Nesset	37	13	50	3,2 %	-3	9
1545 Midsund	24	16	40	3,8 %	5	20
1546 Sandøy	11	5	16	2,4 %	1	9
1547 Aukra	30	11	41	2,3 %	-4	21
1548 Fræna	109	66	175	3,3 %	-7	39
1551 Eide	34	14	48	2,6 %	-6	8
1554 Averøy	37	25	62	2,1 %	-13	-4
1557 Gjemnes	21	3	24	1,8 %	-10	8
1560 Tingvoll	22	9	31	2,0 %	-1	8
1563 Sunndal	50	26	76	2,1 %	-21	-4
1566 Surnadal	34	15	49	1,6 %	0	2
1567 Rindal	9	1	10	1,0 %	-6	3
1571 Halså	6	7	13	1,7 %	-3	3
1573 Smøla	10	8	18	1,6 %	0	3
1576 Aure	29	12	41	2,3 %	-2	19
Sum	2 805	1 458	4 263	3,0 %	-347	1 058

Møre og Romsdal har i lang tid vore blant fylka med lågast arbeidsløysa. Slik er det ikkje lenger. No er arbeidsløysa i fylket 3,0 prosent mot 2,9 prosent på landsbasis. Auken i Møre og Romsdal frå mai i fjor til mai i år er på heile 33,0 prosent – mot ein auke på 7,1 prosent for landet.

I mai 2016 var det 4 263 personar heilt utan arbeid i Møre og Romsdal. Det er over dobbelt så mange menn som kvinner som er registrert arbeidsledige. Arbeidsløysa i Møre og Romsdal er no 2,2 prosent for kvinner og 3,7 prosent for menn.

I mai 2016 har vi 889 arbeidssøkarar i ulike arbeidsmarknadstiltak, 260 fleire enn i mai 2015. Til saman gjev dette ei brutto arbeidsløyse på 5 152 personar i fylke.

Pr. mai 2016 er det Herøy kommune som har høgast del arbeidsløyse i fylket med 5,4 prosent. Her har det vorte 132 fleire arbeidsledige dei siste 12 månadene, og talet auka også siste månad. Kristiansund og Hareid kjem deretter med 4,9 prosent. Lågast del arbeidsledige er det i kommunane på indre Nordmøre og i Sykkylven. Rindal er nede på 1,0 prosent.

For fylket totalt sett var det siste månad ein reduksjon i arbeidsløysa med 347 personar. Det er på Sunnmøre og Nordmøre at reduksjonen i arbeidsløyse har vore størst.

Tabell 7b: Talet på heilt ledige mai 2016 per region

I tabellen under inngår Eide i Romsdal og Sandøy i Sunnmøre

Region	Menn	Kvinner	Sum	I prosent av arbeidsstokken	Endring siste mnd	Endring siste år
Sunnmøre	1520	825	2345	3,0 %	-151	573
Romsdal	649	311	960	2,8 %	-66	244
Nordmøre	636	322	958	3,2 %	-130	241
Fylket	2 805	1 458	4 263	3,0 %	-347	1 058

Sjølv om mange opplever det som vanskeleg å skaffe seg arbeid, finn dei fleste nytt arbeid ganske fort. Blant dei heilt ledige i mai er det om lag 1 200 som har vore heilt ledige i over eit halvt år. Det vil seie at nær 3 000 av dei som var ledige i november ikkje er blant dei arbeidslause nå. Vi har likevel hatt ei auke i denne gruppa som har vore arbeidslause i over 6 månadar den siste tida (jf pressemelding frå NAV Møre og Romsdal).

ⁱ <http://www.tu.no/artikler/her-ser-du-hvorfor-oljeprisen-faller/225457>
http://sysla.no/2015/08/21/oljeenergi/derfor-stiger-ikke-oljeprisen_57959/

ⁱⁱ <http://e24.no/energi/derfor-faller-oljeprisen/20337470>

ⁱⁱⁱ <http://www.dn.no/nyheter/energi/2015/07/22/1911/Olje/derfor-faller-oljeprisen-aller-mest-her>

^{iv} <https://mrfylke.no/Organisasjon/Informasjonsseksjonen/Publikasjonar-og-presentasjonar/Kronikkar/Fire-sysselsette-i-resten-av-landet-for-kvar-sysselsett-i-reiarlag-i-Heroey>